

RETNINGSLINE FOR PRAKSIS ved utdanninga Barnevernsarbeid – master (deltid) ved Høgskulen i Volda

Godkjende av dekan ASH 25. april 2023, med heimel i [§ 6-8 \(12\) i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#).

§ 1. GENERELLE REGLAR

- 1.1 Retningslinene trer i kraft frå 1. juli 2023.
- 1.2 Praksis vert nytta om talet på obligatoriske dagar i praksis og innhaldet i og læringsutbytta for praksis slik dei går fram av emneplanen.
- 1.3 Om ein student i praksis er til stades ved det praksisstaden definerer som ei alvorleg hending, skal praksisstaden orientere praksiskoordinator ved Institutt for sosialfag. Praksiskoordinator orienterer dei personane ved instituttet som skal følge opp hendinga overfor studenten.

§ 2. STUDENTEN SITT ANSVAR

- 2.1 Studenten har ansvar for å gjere seg kjend med studieplanen, emneplanar og Retningsliner for praksisstudium, krav til politiattest og teieplikt i praksis jf. [§ 6-8 \(3\) og \(9\) i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#), [Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning](#) og annan informasjon som vert gitt om praksis.
- 2.2 Institutt for sosialfag har ansvar for tildeling av praksisplass, og avgjer kvar studenten skal gjennomføre praksis.
- 2.3 Studenten kan søke om å få gjennomføre praksis på eigen arbeidsplass. Det er Institutt for Sosialfag som vurderer søknaden og avgjer om praksisplassen er eigna.
- 2.4 Dersom ein student av medisinske eller velferdsgrunnar har behov for tilrettelegging ved praksisplassering og/eller praksisgjennomføring, gjeld [§ 6-8 \(4\) i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#).
- 2.5 Sjølv om studenten jf. [§ 6-8 \(3\) i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#) har levert gyldig politiattest til høgskulen, er dette ikkje til hinder for at studenten på førespurnad frå praksisstaden må levere ein eigen politiattest før vedkomande kan ta til i praksis hjå dei.
- 2.6 Studenten skal i samråd med praksisretteleiar utarbeide ein praksisavtale. Primære oppgåver og arbeidstid for praksis skal avtalast og gå fram av avtalen.
- 2.7 Studenten skal følge vanlege normer og reglar for arbeidslivet. Skriftlege arbeidskrav som går fram av emneplanen skal normalt skrivast utanom avtalt arbeidstid ved praksisstaden.
- 2.8 Dersom ein student har fråvær frå praksis, utover godkjent tal på dagar som definerte i emneplanen, gjeld [§ 6-6 \(5\) i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#).

§ 3. PRAKSISOPPFØLGING

- 3.1 Studenten skal ha ein praksisretteleiar ved praksisstaden. Praksisretteleiar skal ha relevant fagleg kompetanse og minimum treårig relevant høgskuleutdanning. Det er ønskjeleg at rettleiar har masterutdanning. Det er også ønskjeleg at rettleiar har rettleiarkompetanse, som vidareutdanning i praksisretteleiing, rettleiarkurs og/eller erfaring med praksisretteleiing. Student og praksisretteleiar skal ha rettleiingssamtale kvar veke. Praksisretteleiar og student skal saman organisere tid, stad og innhald for rettleiinga. Student og praksisretteleiar gjennomfører midtvegsevaluering ved praksisbesøket frå kontaktlærar i oktober. Praksisretteleiar skriv innstilling om godkjent/ikkje godkjent praksis.
- 3.2 Studenten skal ha ein kontaktlærar ved høgskulen. Kontaktlærar er tilgjengeleg for student og praksisstad ved behov, og gjennomfører oppfølgingssamtale i gruppe midtvegs i praksis. Samtalen skal tematisere kva studentane har lært og kva dei må arbeide vidare med i praksis. Kontaktlærar skriv innstilling om godkjent/ikkje godkjent praksis.

§ 4. VURDERING

- 4.1 Praksis vert vurdert som godkjent/ikkje godkjent.
- 4.2 Vurderinga er basert på skriftleg innstilling frå praksisrettleiar, kontaktlærer og student.
Innstillinga skal innehalde ei vurdering av om studenten har tilstrekkeleg tal på dagar med oppmøte i praksis, og i kva grad studenten oppfyller læringsutbytte i emnet der praksis inngår.
- 4.3 Dersom praksisrettleiar eller kontaktlærer undervegs får tvil om praksis kan godkjennast, skal studenten og den andre parten bli gjort kjende med det snarast råd. Partane skal vurdere om det skal gjennomførast eit møte. Dersom det ligg føre eit framlegg om å innstille til ikkje godkjent praksis, skal det alltid gjennomførast møte.

Det er emneansvarleg som kallar inn til eit slikt møte med student, praksisrettleiar, kontaktlærer og eventuelle andre som kan ha viktig kunnskap om situasjonen. Innkallinga skal vere skriftleg og vere studenten i hende seinast fem dagar før møtet. Føremålet med møtet skal vere å klare opp eventuelle mistydingar og å kartlegge alle viktige fakta og synspunkt i saka, derunder kva studenten må gjere for at vedkomande ikkje skal få underkjent sin praksis.

Innkallinga skal gjere greie for kva saka gjeld, og skal elles innehalde det som er rekna som påkravd for at studenten på forsvarleg måte kan ivareta si interesse. Emneansvarleg skal føre protokoll frå møtet. Eventuelle kommentarar til protokollen skal vere skriftlege, og sendast til emneansvarleg seinast ei veke etter at protokollen er gjort kjend for møtedeltakarane.

På grunnlag av opplysingane som kjem fram i møtet og som kommentarar til protokollen, gjer dekan vedtak om studenten kan halde fram med praksis eller ikkje. Vedtaket og grunngjevinga sendast studenten.

- 4.4 Innstilling om godkjenning av praksis vert gitt utifrå ei heilskapleg vurdering basert på:
 - grad av oppnådd læringsutbytte for praksis
 - arbeidskrav i emnet
 - talet på dagar studenten har møtt i praksis

§ 5. VED 'IKKJE GODKJENT' PRAKSIS

- 5.1 Talet på forsøk ein student har for å få godkjent praksis, går fram av [§ 6-8 \(7\) i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#).
- 5.2 Ved kontinuasjon følger høgskulen dei vanlege prosedyrane for praksisplassering. Dette vil seie at dersom ikkje anna vert avtalt særskilt, følger ny praksis høgskulen sine tider for praksisplassering.
- 5.3 Ny praksis skal gjennomførast ved ein annan praksisstad enn der studenten ikkje fekk godkjent praksis ved første forsøk. Studenten skal kunne uttale seg, dersom instituttet vurderer det som føremålstenleg at studenten har same kontaktlærer i ny praksis.
- 5.4 Institutt for sosialfag skal vurdere å informere ny praksisstad dersom det tidlegare har vore tvil om godkjenning av praksis, om studenten tidlegare ikkje har fått godkjent praksis, og om bakgrunnen for tidlegare vurderingar. Føremålet er at studenten skal få ei reell sjanse til å arbeide med sine lærebehov i ny praksis.